

INVITASJON



RVTS
VEST

Haust 2017:

Barn og unge med skadeleg seksuell atferd. Opplæring i Hordaland



AIM2 (Assesment–Intervention–Moving on) er eit program for oppfølging av barn og unge med en skadelig seksuell atferd. Programmet er utvikla i England og er oversatt og bearbeidd til norsk av kompetanse-miljøet V27, ved Betanien BUP i Fyllings-dalen.

AIM2 skal implementerast i Noreg, og det er V27 i samarbeid med dei regionale ressurssentra om vald, traumatiske stress og sjølvmordsforebygging (RVTS) som skal drive undervisninga. Programmet har fire kursmodular, som bygger på kvarandre. Introduksjonskurs (1 dag), utgreiingskurs (2 dagar), behandlingskurs (2 dagar), og instruktørutdanningskurs (2 dagar).

Målgruppene er noko ulike for dei enkelte kursa. Dersom man ønsker å ta ugreiings- og behandlingskurset, må man først ha tatt introduksjonskurset. Instruktørkurs forutset deltaking på alle kursmodular og vil kun vere åpen på invitasjon.

Hausten 2017 arrangerer vi introduksjonskurset AIM «Basic Awareness» og AIM2 Utgreiing i Hordaland.

Målgruppe for AIM Basic awareness:

Alle interesserte fagpersonar (kommunalt barnevern, helsestøtte, fastleggar, kommunale psykologar, ansvarlege ved skule/barnehage, ansvarlege for PU-tiltak, lokale BUPar, BUFetat, Statens barnehus, Konfliktrådet, Friomsorgen osv.)

Målgruppe for AIM2 Utgreiing:

Dei som jobbar med utgreiing og behandling f.eks barnevern, barnehus, ungdomsoppfølging, kommunepsykologar og BUP. Bør ha delteke på AIM Basic awareness, men ikkje eit absolutt krav.

AIM «Basic Awareness» Dato: 24.10.17 Stad: Bergen (Radisson Blu Royal Hotel, Bryggen 5)
Frist: 10.10.17 [PÅMELDING](#)

AIM2 Utgreiing Dato: 21.-22.11.17 Stad: Bergen (info om lokale kjem) Frist: 07.11.17 [PÅMELDING](#)

Viktig: Arr. er utan avgift. Dersom du har meldt deg på, men likevel ikkje kan komme, gi beskjed i god tid på rvts@helse-bergen.no. Dersom du ikkje gir beskjed vil du bli belasta med eit gebyr på 500,-

